



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Søknad om driftskonsesjon i henhold til mineralloven § 43

Skjemaet med vedlegg sendes til:

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard
Postboks 3021 Lade
7441 Trondheim

E-post: mail@dirmin.no
Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50
Hjemmeside: <http://www.dirmin.no>

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	
Saksnr. Dok. nr. 14/01939-1	Utsatt
Saksnr. - 3 KSJ. 2014	Saksbehandler AMK
Saksnummer KB 167/14	Endring

LES VEILEDNINGEN FØR DU FYLLER UT SKJEMAET

1. Opplysninger om søker

Fullstendig navn/firma Stølsvegen Panoramavegen SA		Organisasjonsnummer 984 275 315	
Postadresse Postboks 54	Postnummer 2966	Sted Slidre	Land Norge
Telefonnummer	Mobiltelefon 905 79 667	E-postadresse aegildy@online.no	Hjemmeside

2. Opplysninger om området

Navn på uttaksområdet/uttaket Grønelihovda	Uttaksområdets gårds- og bruksnummer Gnr 94 bnr 1 feste 1076	Kommune 0543 Vestre Slidre
Størrelse på omsøkt areal (daa) 49	Anslag totalvolum uttak (m ³) 400 000	Forventet årlig uttak (m ³) 2500

3. Opplysninger om forekomsten

3.1.	Hvilken mineralkategori tilhører forekomsten?	Grunneiers mineraler ☐	Statens mineraler ☒
3.2.	Drives det på forekomsten i dag?	Ja ☒	Nei ☐
3.3.	Beskrivelse av forekomsten (type mineralforekomst, kvalitetsvurdering, anvendelser av råstoffet): Fjellmasse som egner seg til bruk på vei Fjellmassen blir brukt på stølsvei		



4. Forholdet til plan- og bygningsloven (pbl.)

4.1. Angi hvilket arealformål området har i kommuneplanens arealdel beite og friluftsområde

4.2. Finnes det en godkjent reguleringsplan for området det søkes om konsesjon? Ja ☒ Nei ☐

Hvis ja, oppgi navn på planen og vedtaksdato:

Navn på plan: Steinbrot ved Grønelihovda

Vedtaksdato: 14.06.2001

Hvis nei:

Er det varslet oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja ☐ Nei ☐

Er det gitt andre tillatelser etter pbl. for terrenginngrep i omsøkt område? Opplys om hvilke

5. Vedlegg til søknaden

Med søknaden skal alltid vedlegges:

5.1. Dokumentasjon på utvinningsrett til forekomsten

- For grunneiers mineraler: Kopi av signert leieavtale om uttak med grunneier, eller dokumentasjon på grunnbokshjemmel

- For statens mineraler: Oppgi rettighetsnummeret(ene)

5.2. Kart der omsøkt område hvor det foreligger utvinningsrett er tydelig inntegnet i målestokk 1:1000-/1:2000.

5.3. Gi en kort firmapresentasjon.

5.4. Redegjørelse for den kompetanse selskapet har for driften av det planlagte uttaket. Gi en oversikt over bergfaglig og annen teknisk kompetanse i organisasjonen.

5.5. Forslag til driftsplan, inkludert avslutningsplan. Driftsplanen skal være i samsvar med DMFs krav til driftsplaner.



5.6. Oversikt over økonomiske forhold:

5.6.1. For uttak som allerede er i drift:

- Godkjent årsregnskap for de siste to år

5.6.2. For nye uttak, eller tidligere uttak med nytt driftsselskap:

- Driftsbudsjett for det omsøkte uttaket for de 3 første driftsår

5.7. Vurdering av behovet for at det stilles økonomisk sikkerhet for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak, herunder forslag til form for og størrelse på sikkerheten.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter (nærmeste naboer, eller brukere av området).

5.9. Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

Kontonummer for innbetaling: 7694.05.05883

Gebyret er kr. 10.000. Dersom søknaden gjelder uttak som krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger (26.juni 2009 nr. 855), er gebyret kr. 20.000.

Merk innbetalingen med Driftskonsesjon, navn på uttaket/uttaksområdet og navn på søker

6. Eventuelle tilleggsopplysninger

5.3. Spreng og knuse fjellmasse til bruk på stølsveg

5.4. Stølsvegen Panoramavegen SA leier inn Kroon Maskin AS org.nr.980 169 227 til boring og sprenging av fjell. Samt leier Brødrene Snortheimsmoen SA org.nr 970 434 380 til knusing og utkjøring av masse. Begge aktørene har flere års kompetanse på dette.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter:

Statskog SF postboks 63 Sentrum 7801 Namsos post@statskog.no

Vestre Slidre Fjellstyre harald.ranum@Vestre-Slidre.kommune.no

Forum for natur og friluftsliv- FNF Oppland P.box 368,2602 Lillehammer oppland@fnf-nett.no

Vestre Slidre hytteforening v/Bjørn Mathiesen bjornm@brignition.com

Oppland Fylkeskommune Kirkegt 76 p.box 988 2626 Lillehammer postmottak@oppland.org

Fylkesmann i Oppland Storgt.170 2615 Lillehammer fmoppo@fylkesmannen.no

Direktoratet for mineralforvaltning kan kreve flere opplysninger dersom man finner det nødvendig for behandling av søknaden.

7. Underskrift

Sted og dato

Slidre 30.10.14

Underskrift STYRELEDER PANORAMAVEGEN SA

Arne Egil Dyveseth

Konsesjonsområde Grønelihovda i Vestre Slidre kommune

6775000
6774900
6774800
6774700
6774600
6774500

6774900
6774800
6774700
6774600
6774500

6774800
6774700
6774600
6774500

6774700
6774600
6774500

6774600
6774500

6774500



1:3 500

0 0,1 0,2 0,4 Kilometer

169800 169900 170000 170100 170200 170300 170400 170500 170600 170700

332 Grønelihøvda

49 DAA

Under behandling

Grønelihøvda

Grønelihøgda

Tegnforklaring

-  Konsesjonsområder
-  GeocacheBasis

Kart produsert ved DMF 27.05.2019

UTM 33

Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF); Direktoratet for mineralforvaltning; Direktoratet for Mineralforvaltning;
Direktoratet for mineralforvaltning (DMF); Kartverket, Geovekst og Kommuner - Geodata AS; Directorate for
mining with the commissioner of mines at Svalbard

VESTRE SLIDRE KOMMUNE



Driftsplan for steinbot ved Grønelihøvda I Vestre Slidre kommune


Innhald

- **Beskrivelse**
- **Kartgrunnlag:**
 1. Oversiktskart i målestokk 1: 50 000
 2. Utsnitt økonomisk kartverk i målestokk 1:5 000
- **Driftskart**
 1. Driftsplankart i målestokk 1: 1 000
 2. Profiler
 3. Prinsippsnitt for avslutning av palldrift
- **Reguleringsplan m/ reguleringsbestemmelser**

Beskrivelse- Steinbrot ved Grønelihøvda


- Steinbrotet ligg ved Grønelihøvda i Vestre Slidre Statsallmenning, ca. 5,5 km frå Vaset etter Stølvegen Fosheim- Storevatn .
Etter reguleringsplanen for steinbrotet er planområdet på 97 da, av dette er 49 da regulert til steinbrot. Storleiken på masseuttaket er ca. 400 000 m³.
Uttaksområdet består for det meste av fjell i dagen med innslag av områder tilvokse med gras og brisk.
- Tiltakshaver for steinbrotet ved Grønelihøvda er Stølsvegen Fosheim- Storevatn.
- Stølsvegen Fosheim- Storevatn skal inngå avtale med grunneigar Statskog SF v/ Statskog Øst- Norge avd. Fagernes ang. massetaket i Vestre Slidre Statsallmenning- gnr. 94 bnr.1 i Vestre Slidre kommune. Avtalen vil gje Stølsvegen Fosheim- Storevatn rett til leige av grunn til drift av massetak i Grønelihøvda for ei periode på 10 år med rett til fornying. **Før evt. driftsstart må det ligge føre konsesjon for massetaket. Avgjerdsmakta i konsesjonsaka er delegert til kommunen- Bergvesenet er høyringsinstans.**
- Driftskartet viser oppdeling av massetaket i 4 etapper. Planen viser driftsveg og driftsretning i dei forskjellige etappene. I etappe 1 er det vist lagerplass for mellom- og ferdigprodukt samt deponeringsplass for skrot- og avdekkingsmasser.
- Profilane viser eksisterende terreng og nytt terreng samt plassering av sikringsgjerde.(2 m høgt viltgjerde.)
- Prinsippsnittet gjennom endelig vegg ved avslutning av palldrift viser utforming av endelig vegg samt at dette viser prinsipp for revegetering. Snittet viser også plassering av sikringsgjerdet.
- I driftsperioda skal dei delar av massetaket som kan føre til skade på menneske eller dyr haldast forsvarleg sikra.
- Drifta skal leiast av kunnige personar med teoretisk og/eller praktisk røynsle frå drift av massetak eller frå anleggs- eller gruvedrift. Mindre verksemder kan nytte slike på konsulentbasis under føresetnad av at dei utarbeidde planar vert følgde.
- Ved nedlegging eller innstilling av drifta skal massetaket sikrast på ein forsvarleg måte. Etter §2 pkt.f i reguleringsføresegnene skal steinbrotet etter avslutning påkøyrast jordmasse og området tilsåast med grasvekster som er naturlege i området

[illegible]




V/G Profildata


— PO



V/G Profildata




V/G Profildata



Ortsplankart
22/03/01

V/G Profildata

- P150



V/G Profildata

- P200

Sikr.
gjærde

Høyde (m) [1:200]

1050
1045
1040
1035
1030
1025
1020

1:100

0

50

100


150

200


250

300


350



V/G Profildata




V/G Profildata




V/G Profildata


— P350




V/G Profildata

PA-A






Prinsippsnitt gjennom endelig vegg
ved avslutning av palldrift- etter skisse fra Bergvesenet:



Eksempel på utforming av endelig pallvegg:

Skrå pallvegg letter utslaget ved underboring, men er avhengig av fjellets skifrihet og kvalitet. Ved å skrå pallhyllene innover, blir pallhyllene lettere å revegetere.

BERGVESENET
MASSETAK- DAGBRUDD





Utsnitt ØK

Steinbrot ved Grønelihøvda

Dato: 22/03/01

Målestokk 1:5000





Vestre Slidre
Kommune

Etaten for landbruk/næring
og teknisk
2966 SLIDRE
Telefon: 61 34 50 00
Telefaks: 61 34 50 50
E-post: post@vestre-
slidre.kommune.no

SÆRUTSKRIFT

Saksnr.: Utvalg
0022/01 Fast utval for plansaker
0041/01 Kommunestyret

Møtedato
07.06.2001
14.06.2001

REGULERINGSPLAN "STEINBROT VED GRØNLIHØVDA"

Saksbehandler: Knut Vidar Svanheld
Arkivsak: 00/00792

Arkiv: L12

Vedlegg til saka:
Reguleringsplan med føresegner
Driftsplan

Skriv i saka, ikkje vedlagt:

Bakgrunn:

Det faste utvalet for plansaker har i møte 10.08.00 (sak pl-21/00) vedtekt å legge reguleringsplan "Steinbrot ved Grønlihøvda" ut til offentlig ettersyn. Følgjande har kome med uttale til planen:

1. Fylkesmannen i Oppland, miljøvernavdelinga

Miljøvernavdelinga viser til at steinbrottet vert eit omfattande inngrep i LNF-område, som delvis ligg over tregrensa. Som grunnlag for gjennomføring av ein slik plan, meiner miljøvernavdelinga at det må ligge til grunn ei vurdering av alternative uttaksområde som er mindre eksponert i landskapet. Miljøvernavdelinga rår kommunen til å lage ein kommunedelplan for masseuttak, der det går fram behov og uttaksmengde i eit langsiktig perspektiv. Når kommunen ikkje har slike planer, må det vere eit krav at det skjer ei grundig vurdering av alternative massetak.

Reguleringsplanen ligg i eit område som har regionale friluftslivsinteresser, og må sjåast i samanheng med fritidsbustader og reiselivsanelegg på Vaset. Eit steinbrot som vist i planen vil bli svært synleg over store avstandar, særleg mot nordvest og Grønsennknippa. Grunna høgda over havet, meiner miljøvernavdelinga at det ikkje vil vere mogleg å etablere ein tilfredsstillande vegetasjonsskjerm.

På bakgrunn av desse momenta, varslar miljøvernavdelinga motsegn mot reguleringsplanen!!!

Saksbehandlars merknad:

I området er det ikkje mange gode alternativ for lokalisering av eit steinbrott. I nærleiken av den kollen som er planlagt, ligg det to andre tilsvarande koller. Dersom ein skal velje ein av desse kollane, oppfattar saksbehandlar denne som den beste, sett ut frå friluftsinnteresser. Vidare framdrift rundt spørsmålet om motsegn, sjå under saksutgreiinga.

2. Fylkesmannen i Oppland, landbruksavdelinga

Har ingen merknader til planen, da området har liten landbruksmessig verdi.

3. Oppland Fylkeskommune, kulturseksjonen

Kulturminneseksjonen har vore på synfaring i området, og funne to dyregraver som er varig verna. Dei ber om at desse vert innmålte, noko som er gjort. Planen er endra i samsvar med kulturseksjonen sine ønskje, og dei har då ingen merknader til at planen vert godkjent.

4. Oppland Fylkeskommune, planseksjonen

Planseksjonen viser til at tiltaket er eit relativt omfattande inngrep i LNF-område, og det blir derfor viktig at alle sider ved tiltaket vert utgreidd så godt som mogleg, både når det gjeld t.d. alternative lokaliseringar av uttaket, storleiken på uttaket, driftsplan, etappeinndeling og trinnvis istandsetjing, tidsfristar, konsekvensar for natur, miljø og samfunn m.m.

Planforslaget manglar mange av desse utgreiingane, og det blir vanskeleg å ta stilling til forslaget på det grunnlaget som no ligg føre. Planseksjonen viser også til at dei ikkje har fått varsel om oppstart av planarbeidet.

Planseksjonen vil difor rå kommunen til å supplere materialet slik vi har nemnt ovanfor og legge reguleringsforslaget fram på arealplanmøte, slik at ein kan få ei breiare drøfting der. Dei vil deretter gje uttale til forslaget slik at det kan sluttbehandlast.

5. Statens Vegvesen, Oppland

Vegvesenet ser denne saka i samband med sine planar om forsterkning og breidding av fylkesveg 267 Stende-Vaset. Etter programmet i dag er det rekna med start i 2004 og fullføring i 2005. Vegvesenet har sett etter andre alternativ i området, men det er ikkje lett å finne godt fjell. Etter den fyrste synfaringa er fjellet i Grønlihøvda så bra at Vegvesenet ber om lov til å utføre prøvetaking for ein meir nøye vurdering.

6. Foreningen til Begnavassdragets regulering

FBR viser til at dei har fleire fyllingsdammar i Åbjørafeltet. Desse dammane er bygd i ei tid med andre reglar enn dei som gjeld i dag, og i åra som kjem kan det vere aktuelt med ombygging/påbygging av dammane.

I såfall vil FBR ha behov for store mengder sprengt stein av god kvalitet og i varierende fraksjonar. Dersom forholda ligg til rette for dette, er FBR interessert i å kunne gjere seg nytte av stein frå Grønelihøvda, og er difor positive til tiltaket.

7. Bergvesenet

Bergvesenet er staten sitt sentrale fagorgan i bergverkssaker og ansvarleg styresmakt ved handsaming av denne type saker. Bergvesenet har mellom anna rett til å koma med motsegn.

Bergvesenet gjer merksam på at avtaler om leige av grunn til drift av massetak for meir enn ti år, eller avtaler på mindre enn ti år med rett til fornying, er konsesjonspliktige etter konsesjonslova. Dei viser og til at i Oppland er avgjerdsmakta i konsesjonssaker førebels delegert til kommunane.

Ved tildeling av konsesjon for erverv av rett til uttak, vil standardvilkår for drift av massetak takast inn i konsesjonsdokumentet. Bergvesenet rår til at det uansett vert stilt krav om utarbeiding av driftsplan i reguleringsføresegnene. Dette for å sikre mest mogleg like vilkår for dei som driv med uttak av mineralske råstoffer, noko bransjen også ser føremoner av.

Bergvesenet kan om det er ønskjeleg frå kommunen si side godkjenne driftsplanar og føre tilsyn med drifta i steinbrotet.

Bergvesenet vil uansett åtvare mot den løysinga som er skissert, der det er tenkt ein skråning med helling på 1:1,5. Det vil ikkje tene føremålet korkje under boring eller sprenging, i samanheng med sikring eller som mogleg profil for revegetering. Vi vil i staden føreslå terrassedrift med ein mindre pallvegg øvst.

Bergvesenet ber også om ei anna framstilling av kart og profilar. Dei føreslår:

- bruk gjerne 1:2000 for reguleringskart og driftskort (1:1000 er vanleg for driftskart), ikkje lite kurante målestokkar som 1:3000 ein stad og 1:4000 ein annan. I profil får ein betre forståing av kor bratt det er om målestokken er den same horisontalt og vertikalt. Me saknar òg eit profil etter lengderetninga på steinbrotet, slik at ein kan sjå kva for overgang til urørt terreng ein ha tenkt seg.
- I profil bør sikringsgjerde teiknast inn (to meter høgt viltgjerde).

Bergvesenet har dessutan lagt med "Standardvilkår for drift av massetak", "Krav til driftsplan – dagbrottsdrift" samt skisse av snitt som viser endevegg slik dei føreslår.

Saksbehandlars merknad:

Saksbehandlar ser på Bergvesenet sine kommentarar og faglege tilrådingar som svært gode innspel, og noko har vorte nytta vidare i driftsplanen.

8. Vestre Slidre Fjellstyre

Fjellstyret handsama saka før ho vart sendt til kommunen. Dei hadde eige offentleg ettersyn, utan at dei fekk attende nokon merknader. Styret har gjort einstemmig vedtak om at fjellstyret ikkje har merknader til planframlegget.

9. Statskog SF

Statskog viser til at dei ikkje ønskjer at omgrepet "privat veg" vert nytta i planen, då det etter deira syn ikkje bør vere private vegar i statsallmenningen, berre bruksrettsvegar. Statskog er fortsatt grunneigar.

I og med at det er mangel på veggross i allmenningen og det er stort behov for grus til vedlikehald av stølsvegane, finn Statskog som grunneigar i allmenningen elles å kunne godkjenne reguleringsplanen, under føresetnad av at inngrep ikkje vert sett i gang før det vert inngått festekontrakt. Statskog viser dessutan til at andre vegar i allmenningen må få tilgang på masse frå fjelltaket.

Saksbehandlars merknad:

Reguleringsføremålet "privat veg" skal nyttast for vegar som ikkje er opne for allmenn ferdsel, jfr. veileder T-1226 frå Miljøverndepartementet. Saksbehandlar kan ikkje sjå at denne vegen skal eller bør vere open for allmenn ferdsel, og meiner difor at "privat veg" er rette føremålet.

Saksutgreiing:

I og med at Fylkesmannens miljøvernavdeling hadde kome med motsegn til planen, har kommunen brukt mykje tid til å få miljøvernavdelinga til å sjå behovet Stølsvegen Fosheim - Storevatn og resten av vegsystemet i fjellet har for dette uttaket. Det har vore mykje dialog att og fram, og miljøvernavdelinga viser no til at dei kjem til å trekke motsegna si på følgjande vilkår:

- Ei igangsetting av massetak på Grønelihøvda må medføre at det ikkje vert opna og teke i bruk nye uttak og andre urørte lokalitetar i denne delen av V. Slidre Statsallmenning (Vestsida)
- Det skal framgå av føresegnene at sprenging og knusing berre skal skje i eit tidsrom slik at friluftssinteresser ikkje vert unødig skadelidande pga støy. Miljøvernavdelinga tilrår at denne aktiviteten vert lagt til siste halvdel av oktober, november og fyrste halvdel av desember
- Det skal takast inn i reguleringsføresegnene at steinbrotet avsluttast med minimum to breie terrassar der det skal påkøyrast tjukke jordlag som skal revegeterast med stadeigen vegetasjon.

Sakshandsamar rår til at det vert teke omsyn til desse punkta, med visse justeringar, når planen skal sluttbehandlast.

Planen har også vorte drøfta på planmøte i fylkeskommunen, der planavdelinga til fylkeskommunen deltok. Fylkeskommunen stilte spørsmål ved det fyrste planforslaget og meinte dette var mangelfullt i forhold til driftsplanar, snitt osv. Dette har styret i Stølsvegen fått utarbeidd, og planseksjonen har kome med ei uttale gjennom referat frå dette møtet. Dei

viser til at landskapsverknader/ fjernverknader er svært viktige i fjellområder, og er difor eit viktig tema i samband med lokalisering. Dei viser vidare til føresetnader i driftsplanen i større grad bør bindast opp i reguleringsføresegnene. Ein bør også stille seg spørsmål om det er måtar og drifte uttaket på som reduserer ulempene knytt til støy og fjernverknader. Vidare peikar planseksjonen på at klimavernsone er eit betre reguleringsføremål enn landbruksføremål for bufferområdet inn mot sjølve massetaket. Dette gjev moglegheit for styring. Saksbehandlar sin vurdering av dette, er at sidan me snakkar om eit område over tregrensa, vil det ikkje bli brukt i landbruksmessig samanheng. Dette vert difor ikkje noko problem.

Avslutningsveggen vert viktig sett i forhold til landskapsverknader/fjernverknader, og kan bli fint med terrassar. Til slutt viser planseksjonen til at det er eit kommunalt ansvar å sikre at området ikkje vert eit fareområde.

Saksbehandlar oppfattar det dit at fylkeskommunen gjev sin tilslutnad til planen. Saksbehandlar ser fordelene i noko meir terrassering på sluttveggen, og ber om at dette vert teke inn i driftsplanen og reguleringsplanen. Det har det også vorte sett på driftstid i planføresegnene, og dei periodane som friluftinteressene er størst, skal drifta opphøre.

Statens Vegvesen viser til at ei alternativ driftsform kan vere å gå djupare, og eventuelt bevare veggane. Saksbehandlar meiner det å gå djupare kan vere ei løysing dersom ein ser for seg etter at uttaket vert tømt, noko som kjem til å ta lang tid.

Vurdering:

Denne planen har vore gjennom ein omfattande prosess, noko som viser at slike tiltak kan vere konfliktfylte. No har ein likevel klart å finne ei løysing som ivaretek dei fleste interessene, også friluftslivet sine. Dette er viktig, sett i forhold til alle turistane Vaset dreg til kommunen.

Saksbehandlar rår no til at planen vert lagt fram for godkjenning i kommunestyret med dei endringane som er skissert i forslag til vedtak.

Når det gjeld tidsrommet det skal vere lov å gjere seg nytte av steinbrotet, så er kommunen einig med miljøvernavdelinga i at det bør setjast restriksjonar i den perioden det er mest turisme. Grunna vêrforholda er det lite sannsynleg at det kjem til å bli teke ut masse vinterstid, slik at denne perioden nok vil bli verna uansett. Mest truleg kjem det til å bli knust masse for fleire sesongar når ein fyrst har maskinelt utstyr i området.

Kommunen bør avgrense driftstida til ikkje å gjelde vinterferie, påske og andre ferieperiodar, samt juli og august. Kommunen vil samtidig opne for at juli og august kan nyttast i 2001, slik at ein får starta opprusting av vegen.

Saksbehandlar støtter fylkesmannen i at vedtak av denne planen har som konsekvens at det vert mykje vanskelegare å tillate igangsetting av nye massetak i det området som det er naturleg at steinbrotet forsyner.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i V. Slidre kommune vedtek å eigengodkjenne reguleringsplan "Steinbrot ved Grønelihøvda" 20.01.01 med føresegnar datert 27.03.01, samt driftsplankart datert 22.03.01 etter at følgjande endringar er gjort:

1. Tillegg til § 2.2 d): Arbeid i steinbrotet skal heller ikkje skje i tidsrommet 1. juli til 1. september, samt i jula, vinterferieveckene og påskeveka frå og med 2002.
2. § 2.2 e) ver endra til: Brotkanten skal avsluttast med å etablere ein vegg. Denne skal minimum ha to breie terrassar, der det skal fyllast i jord og såast/ plantast til med stadeigne vekster.

Behandling/vedtak i Fast utval for plausaker den 07.06.2001 sak 0022/01

Behandling:

Pkt. 1: Eivind Brenna foreslo tidsrommet 1. juli – 1. oktober istadenfor 1. juli – 1. september.

Rådmannen sitt forslag, samt endringsforslaget frå Eivind Brenna vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret i V. Slidre kommune vedtek å eigengodkjenne reguleringsplan "Steinbrot ved Grønelihøvda" 20.01.01 med føresegner datert 27.03.01, samt driftsplankart datert 22.03.01 etter at følgjande endringar er gjort:

1. Tillegg til § 2.2 d): Arbeid i steinbrotet skal heller ikkje skje i tidsrommet 1. juli til 1. oktober, samt i jula, vinterferieveckene og påskeveka frå og med 2002.
2. § 2.2 e) ver endra til: Brotkanten skal avsluttast med å etablere ein vegg. Denne skal minimum ha to breie terrassar, der det skal fyllast i jord og såast/ plantast til med stadeigne vekster.

Behandling/vedtak i Kommunestyret den 14.06.2001 sak 0041/01

Behandling:

Pkt. 1: § 2.2 d) vert endra til:

Uttak (knusing) skal skje på kvardagar. Det skal ikkje foregå drift på bevegelige helligdagar og heller ikkje i tidsrommet frå fredag kl 17.00 til måndag kl. 07.00. Arbeid i steinbrotet, dvs. knusing/sprenging, skal heller ikkje skje i tidsrommet 1.juli. – 1.oktober, samt i jula, vinterferieveka og påskeveka frå og med 2002.

Samrøystes.

Pkt.2: Som forslaget. Samrøystes.

Vedtak:

Kommunestyret sitt vedtak vert slik:

1. § 2.2 d) vert endra til:

Uttak (knusing) skal skje på kvardagar. Det skal ikkje foregå drift på bevegelige helligdagar og heller ikkje i tidsrommet frå fredag kl 17.00 til måndag kl. 07.00. Arbeid i

steinbrotet, dvs. knusing/sprenging, skal heller ikkje skje i tidsrommet 1.juli. – 1.oktober, samt i jula, vinterferieveka og påskeveka frå og med 2002.

2. § 2.2 e) vert endra til: Brotkanten skal avsluttast med å etablere ein vegg. Denne skal minimum ha to breie terrassar, der det skal fyllast i jord og såast/ plantast til med stadeigne vekster.

Melding sendt:

Formannskapskontoret

Plan- og næringskonsulenten for vidare utsending

Steinbrot ved Grønelihøvda

31.07.00

Rev. 20.01.01

Rev. 27.03.01/ 7.6.01

Rev. 21.06.01

- **Beskrivelse:**

Steinbrotet ligg ved Grønelihøvda i Vestre Slidre Statsallmenning. Planområdet er 97 da der 49 da er regulert til steinbrot. Storleiken på masseuttaket er ca. 400 000 m³. Uttaket skal drivast i regi av Stølsvegen Fosheim- Storevatn.

Uttaksområdet består for det meste av fjell i dagen med innslag av områder tilvokse med gras og brisk.

Næraste bebyggelse ligg ca. 550 m frå steinbrotet.

Tilkomst skjer frå Stølsvegen Fosheim- Storevatn

FØRESEGNAR TIL REGULERINGSPLAN FOR STEINBROT VED GRØNELIHØVDA

I samsvar med §25 Plan- og bygningslova vert området regulert til fylgjande formål:

- Landbruksområde
- Spesialområder
 - privat veg
 - steinbrot
 - vern

§ 1. LANDBRUKSOMRÅDE

Område som i kommuneplanens arealdel 1989-1996 for utmarksområda er beskreve som landbruks- natur- og friluftsområder der det er forbud mot spreidd bustad- og hyttebygging.

§ 2. SPESIALOMRÅDE

2.1 PRIVAT VEG

- a) Privat veg er regulert med ei breidde på tilsaman 14,0 m, kjørebana skal ha ei breidde på 6,0 m inkl.vegskulder.

2.2 STEINBROT

- a) I spesialområde steinbrot skal inngrepa liggje innanfor grense mot urørt område (landbruksområde).
- b) Det skal utarbeidast driftsplan for massetaket. Uttak skal ikkje skje under kotehøgden vist på profilane i driftsplanen.
- c) Området skal til ein kvar tid være tilfredstillande sikra for å unngå skade på personar og beitedyr. Konkrete tiltak, samt ansvarsforhold, skal avklarast gjennom byggemelding.
- d) Uttak (knusing) skal skje på kvardagar. Det skal ikkje foregå drift på bevegelige helligdagar og heller ikkje i tidsrommet frå fredag kl. 17.00 til måndag kl. 07.00. Arbeid i steinbrotet, dvs. knusing/sprenging, skal heller ikkje skje i tidsrommet 1. juli - 1. oktober, samt i jula, vinterferieveka og påskeveka frå og med 2002.
- e) Brotkanten skal avsluttast med å etablere ein vegg. Denne skal minimum ha to breie terrassar, der det skal fyllast i jord og såast/plantast til med stadeigne vekster.
- f) Etter at uttaket i steinbrotet er avslutta skal det påkøyrast jordmasse og området tilsåast med grasvekster som er naturlege i området.
- g) Når kommunen har godkjent avslutning og istandsetting av steinbrotet, går området automatisk over til landbruksområde.

2.3 VERN

- a) I SP1 ligg ei dyregrav. Dyregrava er automatisk freda jfr. Kulturminnelovern §§ 4c, 6 og 8. Alle tiltak i spesialområdet skal leggjast fram for kulturminnestyremaktene i Oppland fylkeskommune.
- b) I SP2 ligg ei dyregrav. Dyregrava er automatisk freda jfr. Kulturminnelovern §§ 4c, 6 og 8. Alle tiltak i spesialområdet skal leggjast fram for kulturminnestyremaktene i Oppland fylkeskommune.

§ 3. GENERELLE FØRESEGNAR

Dersom det ved tiltak i marka vert oppedaga automatisk freda kulturminne som ikkje er kjende, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminnet eller sikringssona rundt det på fem meter, jfr. Lov om kulturminne §8. Meldinga skal straks sendast kulturminnestyremaktene i Oppland fylkeskommune slik at dei kan kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan fortsette og eventuelt vilkåra for dette.

LA_Lnt\TEKNISK\Lars\Groneli\reguleringsbgroneli.doc

